



**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Roan, Næringshagen  
**Dato:** 25.01.2018  
**Tid:** 19:00 – 19:30

### Fylgjande medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasmann	Medlem	SP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

### Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	Medlem	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP

### Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Karl Rune Hansen	Olav Gisle Noraberg	AP
Elise Lauvrak	Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	AP
Gjermund Zakarias Bergsland	Tone Irgens Veum	SP

### Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)  
1/18 – 4/18

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

---

Erik Skjervagen  
Ordfører

Fellestenesta  
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland  
rådmann

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>
---------------------------	----------------

---

PS 1/18	Referatsaker
PS 2/18	Godtgjersler til folkevalde - justeringar 2018
PS 3/18	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark IKS
PS 4/18	Bygg i Tre

Fyresdal 18. januar 2018

Erik Skjervagen  
ordfører

Fellestenesta  
utvalssekretær

## **PS 1/18 Referatsaker**

### **RS 1/18 Referat frå Vest-Telemarkrådet**

### **RS 2/18 Orienteringar**

### **RS 3/18 Årsrapport frå Prostidiakonen i Vest-Telemark 2017**

#### **I møtet:**

- Driftsavtale på IKT-tenester har vore ute på anbod og er nå tildela AspIT AS. Avtale vil bli skriven når karenperioden er ute.
- Eigarskapsmelding for Vest Telemark Kraftlag og felles NAV kontor i Vest Telemark vil kome som saker til neste kommunestyremøte.
- Sak om fleirbrukshall og økonomiske konsekvensar blir arbeid med og vil snart kome til politisk handsaming i alle utvala.
- Framdriftsplanen for arbeidsgruppa med endringar i administrativ organisering er i rute og vil slutføre sitt arbeid innan fristen.
- Fortetting av Folkestadbyen – her vil ein sjå på området Århusjordet og mogleghetar for å integrere dette meir inn i dagens sentrum.
- Referat frå styremøte 24. januar i omstillingkommuneprogrammet.
- Det er innkalla til ekstraordinært representantskapsmøte i Renovest IKS i februar grunna mogleg overgang for å gjennomføre innsamling av avfall i eigen regi.

#### **Oppfordring frå Kjell Sverre Thoresen:**

Mange i Fyresdal har vore delvis og heilt utan breiband levert av Telefiber via Høgenut i seist veke og det har vore problem i lang tid. Dette er ikkje akseptabelt i dag og Fyresdal kommune må arbeide aktivt for å få til meir breibandsutbygging fleire delar av kommunen.

## **PS 2/18 Godtgjersler til folkevalde - justeringar 2018**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Reglement for godtgjersle til folkevalde blir vedteke som det ligg føre i saka.  
Nye skjema for registrering av frammøtte blir tekne i bruk.  
Reglementet og skjema tek til å gjelde frå 01.01.2018.

### **Handsaming i Formannskap - 09.01.2018**

#### Framlegg frå ordføraren:

Punkt 8 Omsorgsgodtgjersle styrkast ikkje.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med framlegget frå ordføraren.

### **Vedtak i Formannskap - 09.01.2018**

Reglement for godtgjersle til folkevalde blir vedteke som det ligg føre i saka utan at punkt 8 Omsorgsgodtgjersle vert stryke.  
Nye skjema for registrering av frammøtte blir tekne i bruk.  
Reglementet og skjema tek til å gjelde frå 01.01.2018.

### **Handsaming i Kommunestyret - 25.01.2018**

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

### **Vedtak i Kommunestyret - 25.01.2018**

Reglement for godtgjersle til folkevalde blir vedteke som det ligg føre i saka utan at punkt 8 Omsorgsgodtgjersle vert stryke.  
Nye skjema for registrering av frammøtte blir tekne i bruk.  
Reglementet og skjema tek til å gjelde frå 01.01.2018.

## **PS 3/18 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS**

### **Tilråding til kommunestyret:**

Selskapet bør:

- Gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggjande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.
- I større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.
- Sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgd og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Kommunen bør:

- Vurdere å gjere vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad sjølvkosttenesta skal ha slik at det er tydeleg korleis eventuelle underskot skal handterast i framtida.
- Slette framførbart underskot (memoriakonto) frå 2016

## **Handsaming i Kommunestyret - 25.01.2018**

Kommunestyret ynskjer sak om dekningsgrad på sjølvkostområda i neste møte.

Samrøystes i samsvar med tilrådinga frå kontrollutvalet.

## **Vedtak i Kommunestyret - 25.01.2018**

Selskapet bør:

- Gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggjande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.
- I større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.
- Sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Kommunen bør:

- Vurdere å gjere vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad sjølvkosttenesta skal ha slik at det er tydeleg korleis eventuelle underskot skal handterast i framtida.
- Slette framførbart underskot (memoriakonto) frå 2016

## **PS 4/18 Bygg i Tre**

### **Innstilling frå rådmannen:**

1. Fyresdal kommune har som mål at oppføring av bygg skal skje innan berekraftige rammer og med fornybare råstoff.
2. Bygg i regi av kommunen skal vurderast utført i massivtre eller reisverk av trematerialar. Dette skal gå fram av anbudsgrunnlaget.
3. For å nå desse måla søker Fyresdal kommune Miljødirektoratet om tilskot for å kunne dekke heile eller vesentlege delar av meirkostnader med å bruke massivtre/trematerialar framfor stål og betong ved oppføring av fleirbrukshall.

## **Handsaming i Kommunestyret - 25.01.2018**

### Endra innstilling frå rådmannen:

Endring i punkt 3 – stryke, *heile eller*, då det er avklart at ein ikkje får tilskot til å dekke heile meirkostnaden.

Samrøystes i samsvar med endra innstilling frå rådmannen.

## **Vedtak i Kommunestyret - 25.01.2018**

1. Fyresdal kommune har som mål at oppføring av bygg skal skje innan berekraftige rammer og med fornybare råstoff.
2. Bygg i regi av kommunen skal vurderast utført i massivtre eller reisverk av trematerialar. Dette skal gå fram av anbudsgrunnlaget.
3. For å nå desse måla søker Fyresdal kommune Miljødirektoratet om tilskot for å kunne dekke vesentlege delar av meirkostnader med å bruke massivtre/trematerialar framfor stål og betong ved oppføring av fleirbrukshall.